# Meland kommune

Jørgen Bleikli

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 28.01.2016 |
| Dykkar: | Rannveig Vatshelle Bovim | |
| Vår: 16/201 - 16/1416 | rannveig.bovim@meland.kommune.no | |

## Referat nettverksmøte for administrator i Sampro IP

Møtetid/stad: 15.januar 2016 kl 13:00-15:00/Meland rådhus møterom 3.
Desse møtte:
Jørgen Bleikli (Radøy)
Lene Reigstad Danielsen (Masfjorden)
Terje V. Askeland (Modalen)
Sonja Isdal og Siv Carina Selland-Danielsen (Lindås)
Rannveig Vatshelle Bovim (Meland)

Møtet kom i stand som ei oppfølging etter felles opplæring i det nettbaserte IP-verktøyet VismaFLYTSampro, som blei innført i nordhordlandskommunana i 2014. Med eitt unntak er det kun ein administrator for Sampro IP i kvar kommune, og det var no eit opplevd behov for å møtast igjen for å utveksla erfaringar på tvers av kommunane.
Følgjande saker blei drøfta:

1. Implementering av Sampro IP – status i kommunane….ein runde rundt bordet.
2. Rekruttering av koordinatorar
3. Opplæring av koordinatorar og deltakarar
4. Organisering av KE; forankring - registrering – oversikt
5. Vegen vidare.

Etter ein runde rundt bordet, ser vi at alle kommunane som var representert i møtet har tatt i bruk verktøyet, og mange individuelle planar er etablert. Dette er brukaren sitt verktøy for samhandling med sine tenesteytarar, og verktøyet oppleves funksjonelt og enkelt å ta i bruk i den enkelte plan/ansvarsgruppe – på «grasrotnivå». Måten arbeidet med IP er organisert på, varierer i dei forskjellige kommunane, og dei største utfordingane er å få etablert gode prosedyrar og forankring i kommuneorganisasjonen. Hausten 2016 blei Sampro og tatt i bruk til IOP i skule og barnehagar. Dermed er verktøyet no blitt kjent for mange fleire i kommunane, og vi merker auke i henvendelser vedr rutiner og organisering av IP-ordninga.

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vegen vidare: Det kom fram fleire problemstillingar knytta til prosedyrar og bruk av Sampro IP. Dei fleste som har administratoransvar for Sampro IP savner eit fagmiljø i eigen kommune, og det var stor semje om behov for å etablere nettverket med faste møter 2 gonger pr år.
Aktuelle tema for vidare møter:

- Håndtering av opplysningane som ligg i Sampro, der det er brukaren som er «planeigar»: for eksempel utskrift av møtereferat eller planen for å arkivere i andre system. Kva er arkivverdig/-pliktig – lov?
- Organisering av Koordinerande eining – korleis favne heile kommunen?
- Prosedyrar
- Registrering og oversikt over planar/behov og koordinatorar.
- Rekruttering og opplæring av koordinatorar.

Neste møte: 3.juni 2016. Lindås v/Siv Carina innkaller.

Med helsing

Rannveig Vatshelle Bovim
koordinator Meland heimeteneste

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Britt Hilde Romarheim
Helge Kvam

**Mottakere:**
Ann Marit M. Lie
Jørgen Bleikli
Kristin Aase
Kristin Ruud Myking
Lene Reigstad Danielsen
Rannveig Vatshelle Bovim
Siv Carina Selland-Dalseide
Sonja Isdal
Terje V. Askeland
Tora Smith